

2021-22

# Retningslinjer for Lokalsamfunnsordninga

Gjelder frå 01/12/2021

KRO

# Del I. Kunstprosjekt

## 1. Formål

KOROs lokalsamfunnsordning har som formål å stimulere til produksjon og formidling av kunstprosjekt i offentlege rom og bidra til utvikling innan fagfeltet lokalt og regionalt.

## 2. Kven kan søke?

- Kunstnarar og kuratorar
- Sivilsamfunnsaktørar
- Kommunar og fylkeskommunar

## 3. Kva kan få støtte?

Ein kan søke om tilskot til:

- produksjon av kunstprosjekt i offentlege rom
- utvikling av kunstproduksjon i offentlege rom (forprosjekt)
- formidlings- og kunnskapsutviklingsprosjekt. Sjå eige [søknadsskjema](#)

Ein kan også søke om eit tettare samarbeid med KORO om produksjon og prosjekt- og metodeutvikling.

## 4. Søknadsfrist

Utlýsinga blir publisert på nettsidene til KORO. Det er éin søknadsfrist i året, normalt 1. februar.

## 5. Krav til søknaden

Ein må nytte elektronisk søknadsskjema. Søknaden må innehalde:

- opplysningar om prosjektansvarleg
- opplysningar om eigeforhold, drifts- og forvaltningsansvar
- utdjupande kunstfagleg prosjektskildring med framdriftsplan, budsjett og dokumentert finansieringsplan med søknadssum
- plan for organisering, drift, formidling og dokumentasjon av kunstprosjektet
- Eventuell skildring av behov for produsentbistand

## 6. Søknadsbehandling

Søknadene blir vurdert av eit sakkyndig utval nedsett av KORO.

## 7. Tildelingskriterium

I tillegg til dei årlege prioriteringane som kjem fram av utlysinga, blir det lagt vekt på at kunstprosjekta har høg kunstfagleg kvalitet og speglar eit mangfald innanfor samtidskunsten. Det blir òg lagt vekt på at dokumentasjon av budsjett, fremdriftsplan og gjennomføring er gjennomtenkt og realistisk.

## 8. Gjennomføring

Gjennomføringsmodell avhenger av type kunstprosjekt og samarbeidande instansar. I kunstprosjekt der KORO er produsent blir prosjektleiar normalt oppnemnt av KORO.

## 9. Rapportering og utbetaling av tilskot

For kommunar og fylkeskommunar skjer utbetalinga etterskotsvis når KORO har godkjent sluttrapporten og rekneskapen.

For kunstnarar, kuratorar og sivilsamfunnsaktørar skjer utbetalinga i ratar. Dei første 80 % av tilskotet blir utbetalt når søkaren har akseptert kontrakten. Dei resterande 20 % blir utbetalt når KORO har godkjent sluttrapporten.

Tilskotmottakar pliktar å sende sluttrapport til KORO innan tre månader etter at prosjektet er fullført. Her skal budsjett, rekneskap samt dokumentasjon av kunstprosjektet, inkludert både tekst og foto, inngå.

EHF-faktura på tilskotet eller for siste del av det, sendast til KORO når rapporten er godkjent. Frist for betaling er 30 dagar. Fakturaen skal merkas med prosjektnummer og prosjektnavn.

#### **10. Brot på vilkår mv.**

Dersom tilskotmottakaren i vesentleg grad bryt vilkåra for tildeling, kan KORO trekke tilbake støtta, eventuelt krevje at støtta blir heilt eller delvis tilbakebetalt. Dersom tilskotmottakaren sin del i prosjektet blir redusert etter at KORO har gitt tilsegn, kan tilsegna frå KORO bli revurdert, eventuelt falle bort.

## **Del II. Formidlings- og kompetanseutviklingstiltak**

### **1. Formål**

Tilskot til formidlings- og kompetanseutviklingstiltak skal bidra til auka kunnskap om og interesse for kunst i offentlege rom. Tilskotet er retta mot regionale og lokale miljø.

### **2. Kva kan ein søke om?**

Kommunar, fylkeskommunar, kunstsentrum og andre ansvarlege aktørar innanfor kunstfeltet kan søke om tilskot til formidlings- og kompetanseutviklingstiltak (foredrag, kurs, seminar, konferansar m.m.) som bidrar til kunstfagleg utvikling og kunnskap om kunst i offentlege rom. Eigendelen til søkaren må dekke minst 20 % av totalbudsjettet.

KORO ser det som ein fordel at tiltaket blir arrangert av kommunen/fylkeskommunen og kunstsenteret/kunstinstitusjonen i eit samarbeid.

### **3. Krav til søknad.**

Søknaden skal skildre formål, innhald og konkret gjennomføringsplan for tiltaket.

Opplysningar om arrangør, samarbeidspartnarar og budsjett skal følge med.

Søknaden sendes gjennom eit elektronisk søknadsskjema fra KORO's nettsider.

### **4. Rapportering og utbetaling av tilskot**

Sluttrapport med budsjett og rekneskap og dokumentasjon av utviklingstiltak blir sendt på e-post til KORO innan tre månader etter at prosjektet er avslutta. Utbetaling av tilskot skjer så etter oppmoding frå søkaren. Søkaren må oppgi kva for kontonummer tilskotet skal bli betalt til, i oppmodinga. Ved behov kan delar av tilskotet bli utbetalt tidlegare..

### **5. Søknadsbehandling**

Søknad om tilskot til kunstfaglege formidlings- og blir vurdert av eit sakkyndig utval nedsett av KORO.

### **6. Bortfall av støtte**

Dersom tilskotmottakaren i vesentleg grad bryt vilkåra for tildeling, kan KORO trekke støtta, eventuelt krevje at støtta blir heilt eller delvis tilbakebetalt. Dersom tilskotmottakaren sin del i prosjektet blir redusert etter at KORO har gitt tilsegn, kan tilsegna frå KORO bli revurdert, eventuelt falle bort.